

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Död og begravelse.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Varsel um dau^{den}sv^{ar}
2. Sume kunde höyra liksom, andre at det ramla i fjöler, som sidan vart brukte til likkista. Sume kunde sjå likfylgje rodde, eller gjekk avstad, helst rodde dei heima.
3. Varsel til visse tider höyrde eg aldri um heima.
3. Visse måtar å få varsel på hadde dei ikkje heima. Frå andre kanter har eg höyrt at dei med dei kokte jolegraute kunde ta ei skei graut, utan nokon visste um det, og gå kring stova, truleg rangsöles, 3 gonger og kikka inn glaset, so vilde dei sjå den utan hovud som skulde döy komande år.
4. Truleg var sume "synske" utan der var snakk um slike heima.
5. Heilagmaur eller feigdalus höyrde eg aldri tale um heima.
6. Ikkje sjeldan hende det at ein låg sjuk og kunde eta dugelig og deretter leggja seg attyver og vera burte like etter. Fleire, eller nokre hende, som desse i seinare tid. Meir var der snakk um "mold-trote", upptrutning, serleg på fötene men kanhenda og andre stader, ei tid för dauden.
7. Dette at dei skulde slokna ein viss stad i huset ukjent heima. Dei låg i si vanlege seng på same staden som elles.
8. Heller ikkje snakk um viss ordning av visse ting kjenner eg til.
9. Dette og ukjent för meg heimanfrå. Eg tykkjer eg minnest sume snakka um det fall tyngre döy um dei låg på hönsefjör, men dette var ikkje vanleg, korten med hönsefjör eller snakk um det. Likeso er dette ukjent um opning av glas, dör eller anna, eller å drikka av visse ting, eller kjörel.
10. Sjeldan sende dei bod etter presten, der var lang veg dit, yver ei gamal mil sjöveg, um so var, galdt det sakramentet.
11. Skulde presten koma, budde dei stova, gjorde reint, la duk på bordet, sette ein stol eller löte bord attmed sengi med ljös på, gjerne og ei salmebok. So kom presten og dei fleste gjekk ut medan han "meddelte" den sjuke.
12. Hende det at den sjuke bodsende nokon, var det oppgjerd av ymse slag dei millom, eller noko viktig dei skulde snakka um, t.d. pengar og eigeidom, eller korleis dei skulde skipa til likferdi o.l.
13. Serleg eldre folk kunde ordna med mykje til likferdi si: kven dei skulde be, korleis dei skulde ha det med maten o.l.
14. Me snakka um at den eller den döyde, slokna, somna, flutte, för av. Helst heitte det at vedkomande döyde.
15. Jamnast var dei klår yver når dauden kom, so dei trong ikkje sers atgjerder för å vera viss, t.d. spegel för mannen.
16. Segner um skinndaude höyrde eg visst snakk um som liten, men minnest ikkje noko no. Etter 1900 var det på Finnøy snakk um ein som nok måtte vera gravlagd skinndaud. Dei grov nemleg ei grav ved enden av hans, noko mild ras ut og dei såg enden av kista var som utspent. Dette måtte

då koma av at han hadde vakna upp i kista. Gravi vart sidan opna under tilsyn, kista likeso, alt var i orden, det var veta i jordi og trykket av moldi som hadde sprengt enden på kista ut.

17. At dei la eit pengestykke på augneloki var visst vanleg, elles vilde aogo vera opne, og det såg heller nifst ut.

18. Salmabok under hoka var for at hoka ikkje skulde falla ned so munnen vart ståande open. Eit band kring hovudet gjorde same teneste.

19. Grannar skulde få vita um nåsfallet snart.

20. Jamnast var det ein frå den sjuke sin huslyd som gjekk med bod, det var svintare gjort enn når be-mannen skulde beda til likferds, for hā skulde koma meir høgtidssam.

21. Ikkje skikk å varsla husdyri um nåsfallet heima.

22. Vanleg var det å hengja kvit duk for glasi, sume hengde og for spegelen, og ikkje sjeldan stogga dei klokka. Flutting av ting har eg ikkje høyrte var naudturveleg i slike høve, anna som elles, at dei stod i vegen eller ikkje høyrde til der.

23. Jamnast vart liket framlagt nokre timar etter livet var fare. Der skulde helst gå eit døger för dei flutte det, men ofte vart det gjort för.

24. Liket vart lagt på eit bord, ein benk eller anna.

25. At dei la liket på halm ukjent heima.

26. Uttrykket "liggja på likstrå" kjent frå böker og truleg teke i bruk ved læsing, for det var lite brukt heima.

27. Truleg brende dei likhalmen för, eg kan ikkje minnst det i mi tid.

28. Arbeidsklæde kunde dei vel brenna um dei var mykje slitne, elles neppe. Underdyna, um ei slik var i bruk, kunde dei og brenna.

29. Dette kan eg eg ikkje svara sers på.

30. Som regel stelte dei liket same dagen dauden var viss, eller dagen etter um det var seint på dagen eller um notti vedkomande var slokna.

31. Det var næmaste slekti eller grannar som gjorde dette arbeidet.

32. Dei kvinner som gjorde dette hadde eit størt forklæde på seg, elles vanlege klæder.

33. Dei stelte og håret på avlidne.

34. Menn vart barberte.

35. Neglene vart ikkje klypte utan dei var serleg store.

36. Liket vart vaska oventil, og på fötene.

37. At dette vatnet liket var vaska i vart brukt til noko sers veit eg ikkje av.

Lik-klær.

38. Me snakka berre um å klæda liket. Sveipa var uttrykk for dette å leggja sveipet yver, gjerne med same dei skulde ha loket på.

39. Det var snakk um likskjorta, men helst heitte det lik-klæder.

40. Liklaken har eg høyrte um, likblæja derimot ikkje heima. Sveipelaken eller -duk var ein liten duk, noko større enn eit vanleg lumaplagg, som dei lagde yver andlitet at liket.

41. Sume brukte gjerne brudelakenet til liklaken, dei fleste ikkje.

42. Liket fekk gjerne nokre underklæde på seg, yverklæde sjeldan eller aldri.

43. Det var nok dei som brukte brudgomsskjorta eller brudeli-net til likskjorta, men det er truleg sjeldan no. Ofte hadde dei för liggjande likskjorta ferdeg, no kjøper dei ferdege klæde saman med kista.

44. Likklæde skulde vera av stutpsegjer dei no.

45. Fötene på liket var ikkje synlege det eg kjenner til.

46. På fötene skulde liket ha sokkar.

47. Kvinnelik hadde gjerne hovudplagg, kvitt gjerne, eller kvit huva, at plagget kunde vera av ull er og truleg. No er dette med huva og plagg avlagt det eg veit.

48. At unge ugifte kvinner hadde myrtekrans med seg, kjenner sume til. Truleg kunde der og vera litt skil på likklædi etter alderen. 3

49. Unge barselkoner kunde ði leggja ned i brudekjolen.
50. Blonder var brukt å leggja langs kanten av kista, serleg för. På likklædi kunde der og vera blonder för.
51. No er kjøpte likklæde vanlege etter 1880-åri (1890 -åri.)
52. No kjøper dei likklæder, kanhenda desse er av papir.
53. Dei kallar desse likklærne for sveip av og til.
54. Eg har ikkje høyrte um at dette år, ved liket eller likklædi skulde hjelpe mot sjukdom.
55. Heller ikkje høyrte at det skulde vera fårleg.
- 56 og 57 er noko ukjent for meg.
58. För hadde dei ofte likkista atåande, serleg hadde eldre folk dette ikkje sjeldan. Desse likkistene var ofte kjøpte i Bergen, men deikunde og få laga ei av god material, gjerne når dei bygde nytt hus. Og sume hadde bord liggjande til dette bruk.
59. Trenaglar vart nok brukte i kista för, dette var slutt det eg minnest.
60. Stroppe av tog å bera i var i desse heimelaga kister.
61. Kista vart laga av ein snikkar i bygdi, eller ein mann som var hendt med slikt.
62. Kista var svart-måla, anten det var med kjønnsøyk eller anna.
63. Kvismålte kister kom i bruk litt etter kvart, egtenkjer frå 1910 av.
64. Opning i kisteloket kan eg ikkje minnst eller har høyrte um.
65. Som underlag i kista tenkjer eg dei hadde høy eller halm kanhenda og hövlespon eller anna.
66. Humle i puta under hovudet ukjent heima.
67. Kista og klæde no kjøpt ferdeg. Fargen kvit på kista.
68. Noko lause ting den avlidne fekk med i kista kjenne eg ikkje til.
69. At barselkoner som døydde fekk barnety med, kan nok vera för, no er det neppe skikk lenger.
70. För var der ikkje pynt av noko slag på kista. Sidan kom kross av halm eller band, sidan blommar og kransar.
71. Skikk å så linfrå rundt kista ukjent heima.
72. Noko dei sette inn i likromet for å halda insekter burte kjenne eg ikkje til. Eg veit berre at dei sumarstid sette inn ei bytta kaldt vatn for å halda lukt burte.
73. Noko som vart gjort for å hindra den avlidne for å gå att kjenner eg ikkje til heimanfrå eller andre stader.
74. Namaste slekti kom gjerne for å vera med når liket vart lagt i kista, No vert der og helde ei andaktsstund, um det vart gjort för kjenner eg mindre til. Me kalla dette: å leggja ned, eller i kista.
75. Det eg kjenner til vart der ikkje gjeve mat ved nedleggjing i kista, langt mindre var der dans eller fest.
76. Kista stod anten på låven, ei tom stova eller annan höveleg stad, n ust elle sjøhus.
77. Dei henge laken for glasi, utan kross på, noko for spegelen kjenne eg mindre til. Ute kunde dei ströya med hakka brake eller anna grönt, serleg likferdsdagen.
78. Stod kista på låven eller andre utanhus' rom, vart der ikkje plynta noko, berre tilskipa litt.
79. Bar-sal eller lauvhytta vart ikkje laga i sike höve.
80. Heller ikkje sumarstid bygde dei slike bar- eller lauvhytter.
81. Likferdsdagen kunde dei ströya med grönt millom husi, elles ikkje.
82. Nokon viss retning liket låg i kjenner eg ikkje til, men truleg låg det ofte med fötene mot dori.
83. Stod kista i eit uthus la dei loket på, elles berre duk yver andlitet.
84. Denne duken var stort som eit stort lumaplagg, kvitt. 13240
85. Sers namn på denne duken utan sveip eller sveipeduk kjenner eg ikkje.

86. Det var skik for at folk som kom til gards skulde sjå liket, og för gjekk born og vaksne for å sjå. No er det slutt med dette, utan for nærre slektningar.
- 87 og 88. Gravkapell er der ikkje i mi heimbygð.
- Sorg.
89. Dei heldt seg stille på garden etter nåsfall, minst mogeleg uro.
90. Sers andre ting dei skulde akta på, utan syrgjekl. de, kjem eg ikkje på, anna dei pynta upp og vólte til so det skulde sjå bra ut likferdsdagen.
91. Syrgjetidivarte frå gamalt eit år, da skulde dei gå i svarte eller myrke klæde, serleg til kyrkje og på utferder, heima var det ikkje so nögje.
92. Dans og onnor festleg samkoma var ikkje höveleg, folk haldt seg stille med sine vanlege arbeid.
93. Syrgjebunad var for alle, store og små, til kyrkje serleg og på utferder.
94. Enkja har no gjerne slör for andlitet, dette ikkje vanleg för. Syrgjeband på ermi heller ikkje brukt.
95. Segner um at dei ikkje måtte taka sorgi for tungt kjenner eg ikkje frå mi heimbygð.
96. Dette ukjent for meg,
97. Heller ikkje dette veit eg noko um, det måtte vera arbeid um noko skulde nemnast.
- Syngja ut liket.
98. Likferdsdagen heima var aldri sundag, heller ikkje gjerne måndag eller laurdag, utan det hövde so til dei laut bruka ein av desse dagane.
99. Me snakkar för um sælabad, likferd og no segjer dei helst begravelse.
100. Dei song for liket inne, eller i godver, sumars tid, ute. Det var 2 mann som var bedne syngja, sidan fekk dei prenta songar so alle kan veramed, men der er framleides ein som leider songen og gjenne går fyre når dei dreg frå garden.
101. Jamnast la dei loket på för dei song, no alltid loket på. Kanhenda dei song för loket kom på i eldre tider.
102. Noko klæde på kista med dei song ukjent heima. No er der kransar.
103. Ljos sette dei anten på eit lite bord, eller kanhenda för: på kista. Helst 2 ljós, för var der av og til 4, og ljosi vart då borne ut fyre liket, ut på garden. No ber dei ikkje ljosi ut. Det var truleg 2 mann som bar ljosi. Dei gjekk vel og fyre kista.
104. At dei hadde berre eit ljós kjenner eg ikkje til. Nokon skil på gifte og ugifte veit eg heller ikkje um i dette höve.
105. Bar dei ikkje ljosi ut, vart dei slökte, helst av dei som var att heima.
106. Truleg var det kjökemeisteren som bar ljosi, kvinner eller smågutar til dette veit eg ikkje av.
107. Dei gjekk visst ikkj lenger enn utanfor huset, ofte var der vind ute, so dei kunde ikkje gå ut med dei i det heile.
108. At ljosi skulde berast til kyrkja ukjent heima.
109. Heller ikkje veit eg dei brann ljós notti etter likferdi.
110. Likvaka, vokestøva og slikt ukjent heima.
111. Fell burt.
112. Gråtekoner veit eg heller ikkje avkansje det var slike för.
113. Liksalmer skulde syngjast sers langsamt.
114. No er det vanleg at presten er med i likferdi, för sjeldan då vegen til presten var lang.
115. Presten har vorte meir med etter her vart betre höve for honom koma etter eimbåtar og motorbåtar vart meir vanlege. Dei kan no henta honom eller han kjem med eigen syss.
116. För kunde ein lærar, songar eller annan hövelag mann syngja liket ut. Det vart meir og meir vanleg med ein stutt tale. Og serleg når dei legg på kransar vert der sagt nok. No held dette med kransar på verta mindre velset, ikkje for mange i det minste.

117. Velfer-skål eller liknande ukjent heima.
118. Fell burt.
119. Det var slekti eller sers vener som bar liket ut.
120. Dei aller næraste skulde vera fri dette um råd var.
121. Sameleis er det enno..
122. Fotenden skulde berast fyrst ut, ikkje hovudenden.
123. Kista vart ikkje heima sett ned 3 gonger på dörstokken.
124. Likdör eller annan sers opning å föra kista ut gjennom ukjent heima.
125. Dei ströydde på vegen, ser leg dei siste äri.
126. Dei sette kista ned på tunet, so folk kunde ordna seg med utanpå-kläde og anna, gjerne og koma med öyk og slede for å köyra liket.
127. At berarane fekk skjenkt ukjent heima.
128. Heile lyden fylgde kista ut, men ikkje alle fylgde til gravi, no er dei fleste med dit, um veret er hövande.
129. Mange menn fylgde med kista både för og no, og i seinare tid og dei fleste kvinner.
130. När kvinner tok til fylgja med til gravi kjenner eg ikkje til, det har vore skikk heima so lenge eg minnest og truleg lenger.
131. At det var ei sers ära at mange fylgde med til gravi, var det aldri snakk um heima, men var det mange i fylgjet var mange med til gravi.
132. I seinare tid skikk ströya grönt på vegen der gardsvegen stöyter til hovudvegen der liket fer fram. Dette er nyare skikk. Äresportar ukjent heima i slike höve.
133. Dei hakka brake og ströyer der gardsvegen möter vegen liket skal fara. Annan stas ikkje gjort, utan flagg um dei har.
134. Etter dei fekk flagg, heisar alle i bed-laget dette på halvt, likferdsdagen. Det byrja etter dei fekk flagg, 1890-äria.
135. Dei heisar det likferdsdagen, på halvt.
136. Flagget heng på halvt heile likferdsdagen. Eg minnest som liten ~~at~~ at dei förde lik til kyrkja med ei jekt, som hadde flagget halvt på burt-turen men heilt uppe heimver. Dette totte me var rart.
137. Kyrkja ligg heima so langtburte me höyrer ikkje klokkene.
138. Skikken med flagging er av nyare dato, helst etter 1900.
139. Likfylgjet song när dei for framum gardane, utan å stogga. Sjølv um dei reiste framum på sjöen og var langt frå gardane, song dei eit vers.
140. Ukjent heima å veifta med kvite kläde til likfylgjet.
141. Dei song for dei gardar dei for framum til båts, sjölv um dei var so langtburte dei ikkje kunde höyra songen.
142. Noko höysting på vegen til kyrkja ukjent heima.
143. Heima for med med båt til kyrkja. Nokon kvilestein eller likstein brukte dei ikkje. Ein stad der inne skal vera ein likstein eller likhella.
144. Kista vart sjeldan sett ned på marki, um dei skifttest å bera vart dette gjort utan å setja kista ned. No köyrer dei liket til sjöen og sidan upp til kyrkja.
145. Kista stens på berre kjerra, ei langkjerra utan noko på.
146. Sers farge på hesten som köyrer veit eg ikkje dei snakka um.
147. Dei nytta helst öyk utan föl, elles var det berre stutt veg.
148. Dei köyrde seinvore på vegen til kyrkja.
149. Heima gjekk me frå sjöen, likeso ned frå kyrkjegarden.
150. Ein umgdom köyrde gjerne kista, Han sat aldri på kista.
151. Han gjekk ved sida av kjerra.
152. Songanane gjekk fyre öykjen, dei sat aldri på kista.
153. Lingser o.l. ukjent heima. Me bruka båtskyss til kyrkja.
154. Släkt har eg aldri höyrt dei snakka um heima.
155. Heller ikkje dette har eg höyrt snakk um i min uppvokster. På kyrkjegarden.
156. Nokre av dei som bar kista ut heima, eller andre i same höve, kunde löysa kista av kjerra, og dei sette henne ikkje ned, dei bar henne beint inn på kyrkjegarden.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- 6
157. Reidskaper til gravingsi vart göymde i eller under kyrkje.
Noko likbåra var der ikkje.
158. Frå fyrst av tenkjer eg gravaren åtte dei, seinare truleg heradet.
159. Slekti bar kista inn på kyrkjegarden.
160. Likhesten vart köyrd heim utan ~~sas~~ seremoniar, den hörde til på den öyi kyrkja stod.
161. Var presten med i likfylgjet, kom han helst frå likferdsgarden og gjekk litt fyre likfylgjet inn og tok på seg prestekjolen og kom so på gravi.
162. Kista vart bori beint til gravi, ikkje kring kyrkja.
163. Var der ingen liktale helden i heimen, bar dei kista inn i kyrkja og heldt talen der. I mi heimbygd var det skikk etter at kista var sett ned, gjekk heile fylgjet inn i kyrkja og song salmen Å tenka når engang samles skal. Kanhenda dei og las Fardervår derinne.
164. Når dei gjekk inn på kyrkjegarden med kista song dei verse: Her møtes alle veie.
165. Kista vart heller ikkje bori kring gravi. Dei sette henne ned og laga seg til setja henne ned i gravi, dette hjelpte gravaren til med.
166. Med dei bar kista til gravi vart der ringt med klokken, so kom ringjaren som og var gravar og var med fekk kista i gravi. Sidan vart det ikkje ringt, for etter der var kasta jord på, um presten var med, gjekk kvar til seg.

Gravi.

169. Fast gravar fekk dei heima kring 1860-åri, tenkjer eg.
170. Me kalla honom berre gravaren, eller og kyrkjevektaren. Eit gamalt namn var hunda-futen, avdi han såg etter hundar som kom i kyrkja.
171. För der vart fast gravar, skulde likferdsfylgjet grava gravi, og lenge etter skulde dei grava yver. Um dei reiste og grov gravi för likferdsdagen, som truleg var, veit eg ikkje visst. Eg har einstad set dei kom med kista til kyrkjegarden og sette henne ned, so kasta karane trøyene og grov gravi, medan kvinnene gjekk erend og kom att når dei meinte gravi var ferdeg.
172. Fylgjet grov yver, både skyldfolk og grannar hjelptest. Dette vart slutti 1880-åri heima.
173. Skikken å kasta ein spade jord på kista etter jordfestingsi ukjent heima.
174. Dei meinte truleg at jordfestingsi skulde verja at den gravlagde ikkjegjekk heimatt.
175. Nokon staur eller anna merke i gravi ikkje i bruk heima det eg minnest.
176. I eldre tid lite og inkje pynt på gravi, anna ein kröss med namn på, sidan blomar og planter, for dei med lang veg vert det lite tilsyn med gravene.
177. Noko viss tid dei såg etter gravene, var der ikkje. Dei kunde gå burt til gravi når dei var til kyrkje, utan å gjera noko. Helst ligg gravene der utan tilsyn.
178. Serlege tilfelle.
179. So vidt eg kjenner til fekk sjölmordarar same stell som andre.
180. Kanhenda lyfte dei kista yver gjerdet för, no visst ikkje.
181. Der var ingen likslede på kyrkjegarden heima.
182. Gravi til sjölmordarar låg kanhenda for seg sjölv för, no neppe.
183. Korleis dei gjorde med udöypte born kjenne eg ikkje til.
184. At dei stakk liket av fortidleg födde inn i kyrkjemuren har eg aldri höyrt heima.

Gravöl.

185. Ordet for likferd var frå gammalt sælabad, no segjer dei helst begravelse, sume og likferd eller gravferd, *gravöl like mynna no.*
186. Heima gjekk som regel ein mann og bad til likferds. Kanhenda ein ung gut um det var eit barn, gjerne serleg um den av lidne var gut.

184. Be-laget var fast, utan slekti som vart bedi um dei budde um dei budde i andre bygder. Ved brudlap var der og frå gamalt truleg visst be-lag, som truleg var same grendi, no er der ikkje snakk um be-lag ved brudlaup.
185. Be-mannen skulde vera högtidsklædd, stav var det ikkje skikk han hadde, han stod helst ved døra, eller reiste upp når han bar bodet fram, etter ein viss formel.
186. Etter å ha bode bodet fram, kunde han setja seg.
187. Formelen var stutt: Han skulde helsa frå N.N. og huslyd og beda dei vera sålde fylgja N.N. til gravi den og den tid. Klokketid nemnde dei mindre för, no er det og nemnt. Og för la dei til sers, når dei ikkje skulde hava förning med.
188. Be-mannen vart ofte bode, noko men oftast hadde han ikkje stunder stogga. För var det truleg ofte öl eller dram, no kaffi.
189. Dei sende brev til dei utanum krinsen um vegen var lang. Til dei i krinsen vart ikkje bæv skrive.
190. Frå gamalt varde likferdi 2 dagar, no er det oftast berre ein halv: dei kjem middagstider, etter middagen, får gjerne litt kaffi, og etter heimkoma frå kyrkja anten middag eller kaffi med mat til, so går dei heim. Det hender nok at sume vart bedne etter til kvelds. Siste likferdi som varte 2 dagar var heima i 1880-åri, det var ei enkja og mannen hadde havt to-dagars likferd, so skulde ho ha det same.
191. Var dei heile dagen, fekk dei kaffi og mat då dei kom, etter heimkoma frå kyrkja middag, deretter kaffi, um dei bruka det, og til kvelds var det graut.
192. Nokon viss mat som ikkje måtte nyttast kjenner eg ikkje til korten til midlags eller andre tider. Vanleg middag var kjøt.
193. Skil på maten um avlidne var gift eller ugift kjenner eg ikkje til. Graut var vanleg til kvelds for alle.
194. Helst var det so at dei næmaste og laut vera med i arbeidet likferdsdagen, um dei enn helst skulde vera fri.
195. Skulde dei i likferd gjorde dei naudturvelege arbeid för dei gjekk. Dei heimeverande kunde stella med ymse små-arbeid t.d. vedhogging.
196. Sending var vanleg för. Dei sende det ikkje dagen för. Einast kunde vera t.d. mjölk, men den gjekk dei med tidlegare på dagen, då vegen var stutt heima.
197. Mann og kona bar det med seg når dei gjekk. At dei som bar noko til likferdsdagen för hadde syrgjebunad på kjenner eg ikkje til, dei var sömeleg klædde.
198. Noko tilstelling for dei som bar sending för tidi, kjenner eg ikkje til, det måtte vera lite, for vegen var stutt.
199. Sers pynt på sendingi kjenner eg ikkje til, um den enn var fint stelt, gjerne med kvitt plagg yver.
200. Heile og halve sendingar kjenner eg ikkje til, det kunde vera meir eller mindre utan dei brukte desse ordi um dei. Det kunde vera smör, god grautlefsa og vafler og vanleg var dravle, eller gomme.
201. Det nyare er meir enkelt enn det gamle, både i tid og tilstelling. I seinare tid kjøper dei gjerne kaker, det var ukjent för. Gamalt var det å bryggja öl, dette er no heilt slutt for lunge sidan, eg minnest det ikkje frå min barndom i 1880-åri. Vin og dram er og avlagt.
202. All alkohol er burte or likferder, både dram og vin og öl.
203. Eg kan tenkja meg at bryggjing heldt seg lenger ved likferd og brudlaup enn til dagleg bruk utan å kunna segja noko visst um det.
204. Sending eller förning er meir slutt no, er det noko er det ofte kaker, og so krans, og deibed folk utan å segja um förning. För nemnde dei sers um det var utan slik.
205. Kransar tok dei til med kring 1910 og utetter.
206. För laga dei kransar heima, no er det kjøpte.
207. Sløyfer med påskrift brukar dei helst frå dei næmaste, dei kom reint i bruk, eg tenkjer frå 1930-åri eller so.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- 8 208. Nokre kransar let dei fylgja med kista, andre tek dei av og legg ovanpå gravi.
209. Kransane på gravi vart liggjande eó Aid, so tek anten gravaren eller andre burt restane.
210. Ved dei vanelge likferder som berre er midt i dagen, får dei heima gjerne litt kaffi og småkaker når dei kjem. Etter heimkoma frå kyrkja anten full middag eller kaffi og mat til So går dei kvar til seg ei stund etter, det er tid ställa kröteri. Alkohol i noko form ukjent i likferder heima...
211. Hotell fins ikkje i heimegrandi mi.
212. Utlysing i aviser umhåsfall er no vanleg. Det byrja verta meir vanleg frå 1900 og utetter.
-